



## Notat

Dato: 15.05.2018  
Arkivsak: 2018/11004-2  
Saksbehandlar: liztoll

---

<b>Til:</b>	Gunhild Raddum, Jostein Aksdal, Gunnbjørg Austrheim, Else-Marie Brobakke Aarø, Kari Patricia Kleppe, Grete Kathrine Jacobsen, Heidi Bjønnes Larsen, Tale Halsør, Jomar Ragnhildstveit, Endre Korsøen, Odd Bjarne Berdal, Britt Karen Spjeld
<b>Frå:</b>	Liz Eva Tøllefsen

---

### Kommuneplan for Kvam på høyring - merknader?

I ny plan vert kommunedelplan for Norheimsund vest fasa ut og inngår som ein del av den samla kommuneplanen sin arealdel. Kommunedelplan for Kvamskogen vert ikkje omfatta av denne arealplanen.

#### *STRATEGI FOR LANGSIKTIG UTVIKLING*

Kvam må ha fokus på å vidareutvikla vårt eige regionsenter Norheimsund til å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. Eit sterkt regionsenter i samspel med lokal- og nærsentra i Øystese, Ålvik, Tørvikbygd og Strandebarm gjev grunnlag for gjensidig vidareutvikling og styrking av heile Kvam. Eit sterkare Kvam kan då ta del i veksten og utviklinga som har skjedd i Bergen og kysten.


Noko av det attraktive med Norheimsund er det tette og kompakte sentrum, med eit spennande og variert bu-, handels-, kultur- og fritidstilbod. Med regionsenteret som kjerne, må området Laupsa – Øystese-Steinsdalen – Norheimsund – Vikøy vidareutviklast. Kvam skal i framtida vera eit naturleg val for aktive barnefamiljar som ynskjer seg eit liv utanfor bykjernen, men i pakt med tettstaden og naturen.

Kvam er ein «inngangsportal» for folk som ynskjer å oppleva merkevara Hardanger, ei merkevare som må vidareutviklast i samarbeid med resten av regionen. Kvam sitt varierte næringsliv med jordbruk, akvakultur, industri og handel, kopla med eit rikt kultur- og organisasjonsliv gjev eit mangfaldig og levande samfunn som kan danne grunnlaget for ei ny satsing.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er stadutvikling, bustad, kommunikasjon og infrastruktur, verdiskaping gjennom samarbeid, og livskvalitet sett på som dei viktigaste strategiområda i planen.

#### *OVERORDNA MÅL:*

- **Stadutvikling**
- **Bustad**
- **Kommunikasjon og infrastruktur**
- **Verdiskaping igjennom samarbeid**
- **Livskvalitet**



Intern frist sett til 5. juni 2018